



Roy Lervåg har mange gode idear, her er han under juleølsmakinga i kveld

Vertshuset Oska opna i kveld med juleølsmaking, og til topps av 15 sortar gjekk Julefnugg frå Berentsen, Jacobsen Golden naked cristmas kom på andreplassen medan tredjeplassen vart delt mellom Julebrygg til Hansa og Ylir frå Ægir.

Verten Roy Lervåg har erfaring frå så mangt, også smake-arrangement - ikkje med øl, men med vin og brennevin - og arrangementet var godt gjennomført. Roy var svært godt fornøgd med frammøtet av 32 som bedømte 14 norske og ein dansk sort i 3 omgangar.

Det er imponerandee mange juleølslag berre ein leitar dei opp!



Og her er valets kval! Smakarane måtte plukke ut 3 av 5 sortar i 3 omgangar og det var ei krevjande oppgåve

Dei frammøtte ga uttrykk for stor begeistring over at det no vert nytt liv i huset. Verten lovar fleire arrangement med det fyrste, og at huset skal vera ein samlingsstad for god mat, kunst og kultur. Det er også grunn til å venta vinsmaking om ikkje så altfor lenge.

Allereie i morgon fristar han med lutefisklag og har mange gode idear på lager

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Silje M. Mathiesen frå Uskedalenvær ein av smakarane